

Driftsplan for eldre småbruk

Ynskja rådgiving for utforming og innhold



Innleiing

Me eig eit eldre småbruk i Alver kommune som me heldt på å utbetra for å kunne bu der fast, samt ha aktiv drift på. Me ynskjer derfor rådgiving til utforming av ein driftsplan for å kunne behalda «våningshus» status på den nye bustaden me skal bygge.

Utgreiing om situasjonen på *Bakken Gard*

Me er ein liten familie på tre som sumaren 2021 kjøpte gbnr 182/3, «Bakken Gard» på Gausereide i Alver kommune. Bakken gard er eit eldre småbruk som ikkje har hatt fastbuande på over 50 år. Planen vår for garden, som rådmann talte positivt om i innvilga konsesjon, er å bu der fast og ha aktiv drift. Før det kan skje er det ein rekke ting som må utbetrast av infrastruktur og bygg. Det første som måtte skje, og som snart er ferdig, er ny tilkomst til garden, ettersom den gamle gardsvegen kun var dimensjonert til liten traktor eller hest. Dette er me snart komen i hamn med. 300 meter ny gardsveg blir ferdig i september.

Det neste som skjer er at me planlegg å bygge nytt våningshus. Det gamle våningshuset frå 1860 talet er i dårlig stand og ble beskriven av takstmann som «Etter vår vurdering anbefales bygget revet og deponert i sin helhet.» Og at restaurering vil vere teknisk utfordrande samt økonomisk uforsvarlig å utføre ut i frå marknadsverdi. Me bur pr no ikkje på garden siden tilstanden ikkje tillata det, men me arbeida mot det.

Me heldt derfor på med å planlegge eit nytt langhus som skal reflektere det gamle våningshusets og garden sin kulturelle og historiske arv. Me har vore i førehandskonferanse og er i dialog med kommunen om prosjektet.

Me har forstått det slik på kommunen at for å kunne behalda status som våningshus må me ha ein plan om aktiv drift på bordet før me byggjer den nye bustaden. Me hadde først tenkt å lage planen etter me var flytta til garden, sidan det kanskje hadde vore enklare. Det gamle våningshuset har pr. Dags dato byggstatus som våningshus nytta som fritidsbustad. Dette vil me endre til berre «våninghus» for den nye bustaden.

Planar og ambisjonar for bruket

Bakken gard er på 260 mål der 200 er prod. skog, 12 er overflatedyrka jord og 16 er innmarksbeite. Omlag 20-30 mål av skogen er godt egna som beiteskog (gamal delvis-tilgrodd beitemark).

Me ynskjer å vera realistiske og er klar over at Bakken gard ikkje er eit bruk ein utelukkande kan leva av i dag, langt ifrå. Planen er å ha deltidsdrift.

Det me konktret har planar om er å ha beitedyr. Enten geit eller villsau. De siste åra før me kjøpte garden har ein nabogard hatt ca 30 sau sau beitene på garden.

Me har og planar om å starte med honningbiar. Dette egnar seg godt på garden sidan den både har kulturlandskap og furuskog med lyng.

Me har ikkje planar om å gjere større inngrep i skogen sidan den er ein av dei få attverande kyst-furuskogane i distriktet, med et rikt fugle og dyreliv. Skogsdrift blir kun til eiga bruk.

Me har stor interesse i kulturlandskap og ynskjer å forpakte de gamle slåttemarkene vidare på ein god måte med tanke på økologien. Me har ynskjer om å kunne teste ut regenerativt landbruk på sikt.

Me ynskjer rådgiving for å kunne utforme ein form for driftsplan, eller ha ein dialog eller skriv å vise til, slik at me kan få behalde status som landbruk/våninghus når me no skal til med å bygge ny bustad på bruket.

Takk.

Olav Bergsvik

Olav Bergsvik & Fam.